



Foto: Torbjørn Hovland

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2016

«Nær menneske, nær Kristus»

INNHALD

Innhald

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2016 _____	1
TRUSOPPLÆRING _____	5
DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN _____	8
ØKONOMI _____	13
ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN _____	17

Fitjar, den ____/____-2017

Helga Olsen Aadland
Leiar i soknerådet

Rasmus Fitjar
Leiar i fellesrådet

Sigrid Marie Fangel
Nestleiar i soknerådet

Terje Havro
Nestleiar i fellesrådet

Bodil Nesse
Skrivar

Sindre Aarbø

Gunnvald Aarbø

Mette Elisabeth Lambach

Olav J. Oma
Sokneprest

Sigurd André Maaras
Kommunal representant

Harald Rydland
Kyrkjeverje

SOKNEPRESTEN SINE TANKAR OM ÅRET 2016

v/ Olav J. Oma, sokneprest

1. Korleis kyrkja står seg i Fitjar

Med tanke på deltaking er den kyrkjelege tilstanden positiv. Ser vi på økonomi derimot så ser det mørkare ut. Løyvingane frå kommunen er knappe.

Deltaking frå kyrkjelyden i dugnadsarbeid med oppussing av kyrkja gjer at kyrkja vår på tross av stram økonomi framstår finare enn nokon gong. I haust har ca 100 menneske vore med og gjort dugnad i meir enn 3000 timar.

Elles er det sist år meldt ut 26 menneske av kyrkja vår. Det er 1% av medlemmene, og sak om vigsling av likekjønna var nok ei viktig årsak til utmeldingane saman med at det vart lettare med elektronisk utmelding.

«Saman om dåp i folkekyrkja i Sunnhordland»

Vi har hatt gode samtalar kring møta med dåpsfamiliar i heim og kyrkje. Det var eit interessant seminar på prostidagen i 2016. Begge innlegga og temaet for året, var til ettertanke for stab og prestar, særleg med tanke på dette; «korleis få alle medlemmene i kyrkja til å døypa borna sine?»

2. Årets aktiviteter og resultat

Gudstenestelivet blomstrar:

Ja, gudstenestelivet blomstrar. Med 64 gudstenester på søn- og helgedagar i fjor kom vi på eit snitt på 146 menneske pr. gudsteneste.

Nattverddeltakinga har vore bra, men skaut i veret i fjor, kanskje fordi vi auka talet på nattverdar ved intinksjon.

Når det gjeld samspelet mellom trusopplæring og gudsteneste opplever vi stor oppslutning om dei store tiltaka som konfirmasjon, Lys Vaken, Tårnagent, 4-årsbok, medan oppslutninga er mindre på ein del av dei andre tiltaka.

Temakveldgruppa har hatt mange flotte temakveldar og konsertar som har samla mykje folk også i 2016.

Det vart og gitt ut ei flott jubileumsbok for kyrkja til 150 årsjubileet som vart innleia 1. søndag i advent, og skal vara fram til advent 2017.

Vi opplever at dei fleste av medlemmane melder borna til dåp. Vi sender invitasjon til dåp i posten til alle som blir foreldre. Oppslutninga om trusopplæringa er varierende. Vi går frå høg oppslutnad kring tiltaka nemnd over til låg oppslutnad kring nokre av tiltaka, som Kode B.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet:

Har kyrkja vore synleg i media? Kyrkja har vore i avisa ved ulike høve. Vi var i avisa då jubileumsboka kom ut. Vi var og fleire gonger i media i samband med den store dugnaden som vart gjort i haust. Temakveldane er også omtala fleire gonger.

Både kyrkjelydspresten og soknepresten måtte i avisa i samband med nokre skriverier om konfirmantundervisninga på Facebook.

Det var også eit fint oppslag om gjevargleda i Fitjar kyrkje.

Vi ser på tala at innsamlingskomiteen for orgelet har gjort ein stor innsats, og der er komen inn mykje meir gåver til kyrkja gjennom fjoråret enn vi er vande med.

Om å arbeida i kyrkja:

Vi har ein flott stab der alle stillingane er fylte. Vi ser og at vi har godt med frivillege medarbeidarar, men vi har slitt noko med å få med oss menneske som er yngre enn oss sjølve. Dette er noko vi held fram med å arbeida med.

Elles trur eg at det at vi snakkar godt om det å arbeida i kyrkja er positivt med tanke på framtidig rekruttering til faste stillingar og kyrkjeleg teneste.

3. Dagar og hendingar i 2016

Kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen vart tilsett i februar 2016.

Gjevartenesta til stillinga som kyrkjelydsprest har auka monaleg gjennom året, men vi treng endå fleire faste gjevarar.



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

SOKNEPRESTEN SINE OPPGÅVER

Soknepresten er tilsett med Fitjar sokn som tenestad, i tenestedistriktet Sunnhordland prosti. Soknepresten skal forvalta ord og sakrament slik at kristen tru og kristent liv blir fremma, dette skjer ved:

- a) *holde forordnede gudstjenester og forrette kirkelige handlinger,*
- b) *utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring,*
- c) *utøve sjelesorg og veiledning, gå med dødsbud, reise i soknebud og også ellers besøke syke*
- d) *utføre forkynnerarbeid og i samråd med menighetsrådet annet menighets byggende arbeid.*

Presten skal også utføre andre gjøremål som er eller måtte bli pålagt ved lov eller bestemmelse av Kongen eller departementet.

Presten skal forberede ovennevnte gjøremål og sette av nødvendig tid til studium og personlig fornyelse.» (§ 2. i tenesteordning for menighetsprest)

Soknepresten har sete og stemmerett i Fitjar sokneråd og fellesråd og er elles med i Diakoninemnda, gudstenesteutval og er redaktør for kyrkjebladet. Han har møterett i undervisningsutvalet.

Soknepresten har beredskapsteneste saman med dei andre prestane i Sunnhordland.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

I 2016 vart det totalt halde 64 gudstenester på søn- og helligdagar, med 9324 deltakarar, dvs eit snitt på 146 menneske på kvar gudsteneste. I tabellen nedanfor kjem det fram meir informasjon om deltaking på dei ulike aktivitetane:

I Fitjar kyrkje	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Døypte	37	32	38	26	34	38	32
Konfirmerte	34	45	52	52	27	48	38
Vigslar	12	4	7	8	3	3	8
Gravferd	32	28	19	25	29	24	25
Deltakarar i kyrkja søndag og helgedagar (med andre gudst.)	9324 (10648)	8896 (10244)	9139 (10577)	8880 (10434)	8400 (9973)	8800 (10415)	7897
Gj. snitt frammøte i kyrkja	146/64	148/60	152/60	148/60	140/60	160/55	149/3
Nattverd/gudstenester	3781/41	3153/37	2626/35	2623/36	2700/38	2661/37	2481/35
Kyrkjeoffer	425154	416430	379524	384478	381780	369482	351852
+ Fast gjevarteneste	192950	56280	138000				
+ Kyrkjeblad	32000	36000	63000				

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

TRUSOPPLÆRING

v/ kyrkjelydspedagog Silje Fyllingen

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. I 2016 er desse tiltaka blitt gjennomført:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	37	128 %
B1	Babysong	10	42%
B 1-3	MiniSong (Nytt i 2016)	22	33 %
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	16	55 %
B5	Den Gode Hyrdingen (Nytt i 2016)	13	43 %
B6	Barnas påskefest	16	50 %
B7	Pinsefest	15	44 %
B8	Gledesfest/ Karneval (Nytt i 2016)	10	31 %
B9	Tårnagent	29	81 %
B10-11	Båten	36	51 %
B11	Lys vaken	29	73 %
B12	Kode B	4	9 %
B13	Kode D (Nytt i 2016)	6	15 %
B14	På sporet av Jesus (Avlyst pga for få påmelde)	-	-
B15	Konfirmasjon	35	90 %
B16	Loved i praksis	9	21 %
B17	Ung Tru (utsett til 2017)	-	-

MEIR OM ARBEIDET

Det er generelt bra oppmøte på dei ulike trusopplæringstiltaka me har i Fitjar. Spesielt dei nasjonale tiltaka som tårnagent og lys vaken og 4-årsbok er populære. Det tyder på at ting som er bra laga til, og innarbeida tradisjonar fungerer best. I andre tiltak har det vore litt mindre oppmøte, men det har vore kjekke samlingar der dei har blitt kjent med kyrkjebygget og bibelen.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

Tilbodet inneheld songstund, nistemåltid og sosialt samvær for ungar under skulealder saman med ein vaksen på Fitjar bedehus, annakvar tysdag kl. 10.30-12.00.

Babysong er organisert som eit kurs på 8 samlingar og er for babyar mellom 0 og vel 12 månader. Her er det påmelding. Kurset kostar kr. 150,- og deltakarane får eit enkelt songhefte og ein cd.

Småbarnstreff er for alle ungar mellom 0 og 6 år saman med ein vaksen, det er gratis og krev ikkje påmelding.

Babysong og småbarnstreff går parallelt, med babyane på loftet og småborna i "matsalen" på bedehuset.

Babysongkurset er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff har vore eit supplement til trusopplæringstiltaka for aldresgruppa 0-6 år.

Som regel er det 8 samlingar i halvåret à 1,5 time. Nokre semester har tilbodet vorte utvida med eigne utetreff utan anna opplegg enn å vera saman ute, leika og eta niste. Det har og vorte arranger skogstur med koking av påskeegg og grilling m.m . Nokre semester har babysong og småbarnstreff delteke på ei gudsteneste i kyrkja.

Deltakartalet på babysongkurs var 9 babyar + mødre/fedre, på kurset om våren og 10 babyar på kurset om hausten. På småbarnstreffet har det vore mellom 6 - 12 ungar kvar gong.

Det vart eit oppsving på småbarnstreff hausten 2016. Elles hadde me ei kjekk adventssamling 13. desember.

Babysong og småbarnstreff feira 15-årsjubileum i januar 2016.

Marta Eide Helland takka sommaren 2016 av etter lang og tru teneste som kaffikokar på småbarnstreff i 12 år, og fekk velfortent ros og blommar for arbeidet !

Ny kaffikokar våren 2017 er Ruth Skram



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

PLANAR FRAMOVER

Etter planen for trusopplæring skal desse tiltaka ha oppstart i 2017:

B17: UngTru – 9.-10. juni

B18: Vaksen (ikkje bestemt dato)

Sidan bemanninga no er slik den skal vere, bør alt gjennomførast, men ut frå interesse for tiltaka, og at det kanskje er litt mykje for ei så lita stilling, så kan det vere at ikkje alt kjem i mål. I løpet at 2017 håpar vi på å ha kome i gang med heile planen.



DRIFT AV KYRKJA OG GRAVPLASSEN

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

PERSONALE

I 2016 har desse vore tilsette i kyrkjestaben:

Sokneprest, Olav J. Oma

Kyrkjelydsprest, 100 %, Fridleif Lydersen

Kyrkjeverje, 50%, Harald Rydland.

Kyrkjegardsarbeidar, 60%, Kristian Skumsnes

Kantor, 65 %, Jan Overweg

Kyrkjelydspedagog, 50%, Silje F. Fyllingen

Kyrkjetenar, 40%, Birgitte D. Brenne

Vikar som kyrkjelydspedagog 1. halvår, Johannes Olsen

Samarbeidet i staben har vore godt.



Foto: Torbjørn Hovland

KYRKJEBYGGET

Sjølv om Fitjar kyrkje har ein alder på 150 år, er den i god teknisk stand. Det meste av materialane både utvendig og innvendig er frå då kyrkja var ny i 1867. Det tyder på at dei som bygde kyrkja har vore oppteken av kvalitet. Likevel treng bygget vedlikehald for at det ikkje skal forfalla. I 2016 har me hatt fleire prosjekt gåande i kyrkjebygget

I starten av året vart alt inventar i kyrkja registrert og fotografert. Kyrkjetenar Birgitte Drønen Brenne og Hermann Inge Aadland stod for arbeidet. I etterkant er alt av informasjon og foto lagt inn i den nasjonale kyrkjebyggdatabasen. Det er ikkje allmenn tilgang til denne basen.

Sommaren 2016 vart heller våt og været la ikkje til rette for at me fekk mala noko på kyrkja utvendig. Me håpar på at det skal vera råd å få gjort noko med dette sommaren 2017.

Hausten 2016 gjekk det største vedlikehalds- og ombyggingsprosjektet inne i kyrkja sidan 1957 av stabelen. I samband med at det nye orgelet skal på plass har det vorte bygd nytt galleri og heile kyrkja er malt på nytt innvendig. I tillegg er det gjort tiltak som har gjort akustikken i kyrkjerommet monaleg betre.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Orgel og galleriprojektet har løyst ut eit ufatteleg engasjement hos dugnadsarbeidarar, næringslivet og innbyggjarane i Fitjar.

Det er oppdaga ein lekkasje i sutaket over våpenhuset. I periodar med kraftig vind frå sør-vest og ekstra store nedbørsmengder, kjem det litt vatn inn i bygget. Dette tek me sikte på å få reparert i 2017.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

GRAVPLASSEN

Fitjar kyrkjegard framstår som ein svært velstelt gravplass. Både kyrkjestaben og kommunen er oppteken av å framleis ha høg kvalitet på drifta av gravplassen. Kyrkjegardsarbeidaren har ansvar for den daglege drifta. I sommarsesongen vert det i tillegg leigd inn ungdommar til å hjelpa til med plenklypping og anna arbeid, slik som t.d. maling av bygningane og anna førefallande arbeid. Til å stella dei gravene som kyrkja har ansvar for, leiger me inn deltidsarbeidarar gjennom året. Desse steller om lag 50 graver der dei etterlatte bur vekke, eller av andre grunnar ikkje har høve til å ta gravstellet sjølv. Dei som får utført denne tenesta betalar ein årleg sum til kyrkja. Alle som arbeider på gravplassen legg vekt på at dei pårørande og bygdefolket skal oppleva at den framstår på ein respektfull og fin måte. Grunna mildt og fuktig vær vaks plenen lagt utover hausten i 2016. I denne perioden var det ikkje så lett å halda gravplassen så fin som me ynskjer.

Vinteren 2016 fekk me fjerna ein del av dei gamle store trea på gravplassen. Me vil halda fram med å fjerna fleire tre etter kvart som det måtte by seg eit høve. Dette arbeidet er det best å utføre når bakken er frosen, slik at maskinane og trea ikkje gjer unødig skade på plenen og vegane.



Siste året har me vorte vitne til ein ny aktivitet som har dukka opp på kyrkjegarden. Mange er på jakt etter Pokemon-poeng som er å finna på gravplassen. Me ser at ikkje alle har like stor forståing for gravplassen som ein stad der det skal visast respekt og fin framferd. Me vil prøva å få ut informasjon om dette temaet.

Festeavgifta på Fitjar kyrkjegard er for tida kr. 200,- pr. år etter at fredningstida på 20 år er ute. Gravene kan festast inntil 60 år etter gravferda. Det er ikkje alltid like lett å halda greie på kven som skal vera festar til dei einskilde gravene. Der me har problem med å finna festar, set me no informasjonskilt på grava. Dette har vist seg å vera eit effektivt tiltak.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

PROSJEKT

Nytt orgel og galleri

Det store prosjektet i 2016 har vore nytt orgel og galleri som skal takast i bruk i jubileumsåret 2017. Takka være svært dugande og engasjerte medarbeidarar har prosjektet gått omtrent heilt etter planen når det gjeld framdrift, gjennomføring og økonomi. Det einaste negative avviket me har hatt så langt er valutatap på vel kr. 250.000,- som skuldast uventa stor endring i verdien av den norske og svenske krona. Opphavet til endringa var sterkt redusert oljepris.

Hovuddelen av orgelet vart montert i kyrkja i løpet av desember månad 2016.

Orgelprosjektet har fått svært god mottaking hos folket og næringslivet i bygda. Mange har vore med og engasjert seg i prosjektet med både pengestøtte og dugnadsinnsats.

Jubileumsbok

Fitjar kyrkje si jubileumsbok « Så fast ei borg» vart trykt opp i 700 eksemplar og lagt ut for sal i starten av november 2016. Boka vart eit praktverk som fekk mykje god omtale då den vart presentert. Redaktøren Kjetil Rydland hadde med seg Aud Gloppen, Per Egil Larsen, Magnar Kloster, Hermann Inge Aadland, Trygve Eiken og Harald Johan Sandvik som viktige bidragsytarar i arbeidet med boka. Kyrkjeverje Harald Rydland var prosjektleiar for bokprosjektet.

Før jul i 2016 vart det selt om lag 280 eksemplar av boka.

Overordna plan for framtidig arealbruk på gravplassen

På Fitjar kyrkjegard er det registrert om lag 3000 graver. Svært mange av desse er så gamle at dei kan brukast oppatt. Det er ikkje berre lett å få til. I gravferdslova er det fastsett kva mål som skal vera på ei kistegrav. Desse måla har auka sidan dei eldste gravfelta på vår kyrkjegard vart etablert. Dette fører til at det kan vera vanskeleg å få plass til nye graver på gamle gravfelt. Fornyng av gamle gravfelt bør prioriterast før utviding av kyrkjegarden. No vil me laga ein overordna plan for gravplassen, som kan visa korleis ein bør disponera gravplassen med fornyng av gamle felt i 50 – 60 år framover.

Det er inngått avtale med Akasia AS (gravferdsetaten i Bergen sitt selskap) om å stå for utarbeidinga av planen. Arbeidet starta opp i 2016 og det er meininga at planen skal vera ferdig før sommaren 2017. Kommunen har løyvt kr. 100.000,- til prosjektet.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

RÅDSARBEID

Sokne- og fellesrådet har gjennom året hatt 8 møter der det har vorte behandla 91 ulike saker. Medlemene i sokne- og fellesrådet er desse:

- Helga Olsen Aadland, leiar i soknerådet
- Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet
- Sigrid Marie Fangel, nestleiar i soknerådet
- Terje Havro, nestleiar i fellesrådet
- Bodil Nesse, skrivar
- Sindre Aarbø
- Gunnvald Aarbø
- Mette Elisabeth Lambach
- Olav J. Oma, sokneprest
- Sigurd André Maraas, kommunal representant



“Høymesse på fjellet”

Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

ØKONOMI

ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

v/ Harald Rydland, kyrkjeverje

Arbeidet med økonomisk forvaltning for kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjeverja og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sitt rekneskap er for 2016 gjort opp med eit underskot på kr. 406.100,-. I budsjettet var det lagt opp til eit underskot på kr. 408.400,-.

Soknerådet har ved fleire høve teke til orde for at kommunen må auka tilskotet til kyrkja dersom kyrkja skal få utført oppgåvene sine på ein god måte og på samme tid ha ein sunn økonomi. Denne saka vil det verta arbeidd vidare med i 2017.

Når det gjeld balansen, står det no kr. 2.151.626,- i bundne fond. Fordelinga er å finna i note 4 i tabellen på side 16. Disposisjonsfondet er på kr. 540.934,- før underskotet for 2016 skal dekkast. Ved inngangen til 2017 ligg det an til at disposisjonsfondet vil vera på kr. 134.834,-.

Fleire detaljar om rekneskapet er å finna i tabellane på dei neste sidene.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

RESULTATREKNESKAP, BALANSE OG NOTAR

Tekst	Fitjar Sokn, resultatrekneskap		Budsjett
	2016	2015	2016
Brukarbetaling	484 064	414 824	651 700
Refusjon	565 546	1 174 006	469 000
Offentlege tilskot	2 070 300	1 921 900	1 940 000
Andre tilskott, innsamla midlar	714 803	1 421 078	815 500
Sum driftsinntekter	3 834 713	4 931 808	3 876 200
Løn og sosiale utgifter	2 626 764	1 779 464	2 690 500
Kjøp av varer og tenester	1 170 261	965 023	1 234 100
Refusjonar/overføringar	446 504	419 447	364 000
Tilskott og gåver	348 205	508 582	293 000
Avskrivningar	170 882	160 359	170 000
Sum driftsutgifter	4 762 616	3 832 875	4 751 600
Brutto driftsresultat	- 927 903	1098 933	- 875 400
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	18 080	29 983	
Sum eksterne finansinntekter	18 080	29 983	
Resultat eksterne finanstransaksjonar	18 080	29 983	
Motpost avskrivningar	170 882	160 359	170 000
Netto driftsresultat	- 738 941	1 289 275	- 705 400
Avsetjingar:			
Bruk av bundne driftsfond	338 356	53 527	297 000
Sum bruk av avsetjingar:	338 356	53 527	297 000
Overført til investeringsrekneskapet		110 871	
Avsetjing til disposisjonsfond			
Avsetjing til bundne driftsfond	- 5 517	- 918 467	
Sum avsetjingar	- 5 517	1 029 338	
Resultat	- 406 102	313 464	- 408 000

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Fitjar Sokn, balanse

	Rekneskap 2016	Rekneskap 2015
EIGEDLAR		
Anleggsmidler	8 438 103	5 340 225
Faste eigedommar og anlegg	8 015 678	5 068 890
Utstyr, maskiner og transportmidler	368 160	226 302
Utlån	54 266	45 033
Aksjar og andelar (Note 1,2)		
Omløpsmidlar	2 795 525	3 156 563
Kortsiktige fordringer	1 114 727	219 400
Aksjar og andelar		
Sertifikater		
Obligasjonar		
Kasse, bankinnskudd	1 680 798	2 937 163
Sum eigedelar	11 233 628	8 496 788
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital	10 710 381	8 051 464
Disposisjonsfond (Note 3)	540 934	327 470
Bundne driftsfond (Note 4)	2 151 626	2 070 304
Rekneskapsmessig mindreforbruk		313 464
Rekneskapsmessig meirforbruk (Note 6)	-406 100	
Udekkja i investeringsrekneskapen (Note 5)	-14 183	
Kapitalkonto	8 438 103	5 340 225
Gjeld		
Langsiktig gjeld:		0
Kortsiktig gjeld:	523 247	445 325
Annan kortsiktig gjeld	523 247	445 325
Sum eigenkapital og gjeld	11 233 628	8 496 788

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Notar

Note 1 Pensjonsforplikting

Pensjonsforpliktinga er dekkja gjennom KLP. Årets forplikting er utgiftsført.

Note 2 Eigenkapitalinnskot KLP

	Pr 31.12.2016
Eigenkapitalinnskot KLP	53 266
Aksjar Kirkepartner	1 000

Note 3 Disposisjonsfond

	Pr 31.12.2016
Generelt disposisjonsfond	540 934

Note 4 Bundne fond

	Pr 31.12.2016
Fond gravfestemidlar	126 121
Utsmykking	5 486
Orgel	726 525
Kyrkjelydsprest	751 358
Diverse prosjekt	56 456
Knut K. Rydlands legat	172 430
Gravlegater	313 250
Sum bundne fond	2 151 626

Note 5 Udekka i investeringsrekneskapen

	Pr 31.12.2016
Udekka invest. 15	0
Udekka invest. 16	14 183
Sum udekka investering	14 183

Note 6 Udekka i driftsrekneskapen

	Pr 31.12.2016
Udisponert i driftsrekneskapet 2016	406 100
Sum udisponert drift	406 100

ANNA ARBEID I KYRKJELYDEN

KYRKJEMUSIKK

v/ Jan Overweg, kantor

I heile 2016 har Fitjar sokn hatt kantor Jan Overweg i 65% fast stilling. Faste oppgåver har vore planlegging og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar. Vidare har han vore med prestane på andakter på Sjukeheimen og i Hamnahuset. Han har også fylgt med på minisong-samlingane som kyrkjelydspedagogen har ansvar for.

Jan Overweg leiar korarbeidet i kyrkjelyden - Fitjar kyrkjekor.

Vidare har det vore mange oppgåver i samband med orgelprosjektet i Fitjar kyrkje.

Nokre tankar om arbeidet

1. Mange i kyrkjelyden er aktive gudstenestedeltakarar. Gudstenestene er prega av god song og deltaking. Da er det også inspirerende å vera kyrkemusikar!

2. Det har vore mange gravferd og nokre vigsel. Val av musikk og salmar er meir personleg enn det kan vera i gudstenester. Ein kan slå fast at Fitjarbuen vel tradisjonelle salmar, songar og musikk.

3. Kantor i Fitjar fylgjer prestane og kyrkjelydspedagog ved ulike opplegg. Annakvar onsdag held ein av prestane andakt på sjukeheimen og på Hamnahuset. Fine stundar der me også syng nokre salmar saman med bebuarane. Hausten 2016 har kantor også spelt annakvar onsdag til "minisong" - eit opplegg med småbarnsong som kyrkjelydspedagog Silje leiar.



4. Fitjar kyrkjekor vart oppretta hausten 2015. Kantor Jan Overweg leiar koret. Koret har øvingar kvar onsdag frå 19.30 til 21.30. Medlemstallet i 2016 har vore ca 20. Styret er sett saman slik:

Olaug Gloppen - leiar, Kari Anita Larsen - skrivar, Harald Skumsnes - kasserar, Jan Overweg - styremedlem. Koret har mellom anna teke del på innsetjingsgudsteneesta for Fridleif Lydersen, gudsteneesta påskedag og juledag, og nokre andre gudsteneesta. Koret har også teke del ved andre arrangement i bygda og hadde ansvar for gjennomføring av ei salmekveld. Det er eit godt miljø i koret - noko som ein prøver å halda vedlike med utflukt ved sommar- og juleavslutningar.

5. Det store engasjementet vart i 2016 lagt ned i orgelprosjektet. Det skulle visa seg at prosjektet skulle bli veldig mykje meir omfattande enn å erstatta eit gammalt orgel. Galleriet skulle også bli erstatta. No var det ein moglegheit å leggja optimalt tilrette for det nye orgelet. Oppussing av kyrkjerommet skulle også kunne forbetra akkustikken i kyrkjerommet. Alle involverte frivillige (nærmare 100) som på ulik vis bidrog til at me til slutt kunne få på plass eit monumentalt instrument i eit renoverert kyrkjerom, har gjort oss tilsette svært audmjuke og takksame. Også samarbeidet med ulike verksemdar har vore strålande.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

6. Det er også gledeleg at kyrkja har eit framifrå piano, som me nok også vil bruka regelmessig når orgelet står ferdigt. Kisteorgelet har også vore til glede for kyrkjelyden, m.a. dei tre månader gudstenestene vart lagt til bedehuset.

Når orgelprosjektet er avslutta vert det meir tid for meir ordinære kantoroppgåver. Vonleg kan også noko meir av tida brukast til øving - gjerne saman med andre. Slik at musikken forblir levande og til inspirasjon for kyrkjelyden.

TEMAKVELDAR

v/ Eli N. Simonsen

Me har arrangert 8 temakveldar dette året. På programmet vårt var det lagt opp til 9 arrangement, men grunna uver måtte me avlysa kvelden med Syfest Lomheim i september.

Som tidlegare har me også i 2016 prøvd å halda fast ved den siste torsdagen i månaden som "vår" kveld. Nokre gonger har me måtta justera anten grunna feriar/høgtider eller fordi medverkande ikkje har vore tilgjengelege når me måtte ønskja.

Målet vårt er at kveldane skal vera varierte, ha låg terskel, ulikt innhald og form, slik som song/salmekveldar, utstillingar, foredrag, konsertar osv... Me prøver også å bruka lokale kunstnarar i tillegg til folk utanfrå.

I arrangementgruppa sit; Benedicte Meyer, Anne Britt Tornes, Hildegunn Aadland og Eli N Simonsen. Me har jamnlege planleggingsmøte og prøver å ha klart programmet eit halvt år/eit år i førevegen.

Det var ei storhending for oss å vera "vertskap" då Kulturprisen var utdelt til Fitjar Skulekorps i mars.--Ein utruleg flott konsert og ein verdig vinnar!!

PROGRAMMET FOR 2016 :

JANUAR: "Vandring i et landskap mellom tro og tvil"--Inge Eidsvåg

FEBRUAR: Konsert med Sveinung Hølmebakk



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

- MARS : Konsert med Fitjar Skulekorps....Utdeling av KULTURPRISEN.
- APRIL : "Når tåken letter". Møte med eldre menneske gjennom et langt presteliv
- AUGUST : Konsert med Trine Rein
Konsert"Frå Scenekant til kyrkjerom"-Ailie Reid, Torstein Hatlevik og Irene Simonsen
- OKTOBER: "Det er godt å vera stille"--Salmekveld med Fitjar Kyrkjekor
- DESEMBER: Julekonsert med Marianne Juvik Sæbø, Arne Pareli, Bergen Gospelcompagni og Terje Kleppe

2017 er jubileumsår for kyrkja vår .Dette vil me i Temakveldgruppa også vera med å markera!--Me har eit stort og variert program dette året!!



Foto: Torbjørn Hovland

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

DIAKONINEMNDA

v/ Fridleif Lydersen, kyrkjelydsprest

Kort om aktiviteten til diakoninemnda:

Organisere besøkstenesta.

Arrangere to dagsturar.

Blomehelsingar til nære pårørande etter dødsfall.

Blomehelsing til alle som fyller runde og halvrunde år frå 80 og oppover.

Blomehelsing til Havnahuset og sjukeheimen i desember.

Juleblom til alle dei som får besøk av besøksven.

Deltaking i gudstenesta på Alle helgens dag.

Invitasjon til middag og kaffi etter gudstenesta på Alle helgens dag.

Litt om omfanget av arbeidet:

Diakoninemnda hadde fire møter i 2016 og handsama 27 saker. 32 personar fekk blom ved alder 80, 85, 90, 95 eller 100 år. Det var og ein del sørgjande som fekk besøk og blom. Besøkstenesta er ein viktig del av arbeidet. Medlemmane er sjølve med i arbeidet i tillegg til mange andre frivillige. Alle har jamnleg kontakt med kvar sine besøksvenner. Dei to årlege buss-turane er opne for folk i alle aldrar.

Nye ting som er komne til i år:

I år var det arrangerte to korte turar i nærområdet for flyktningane. Ein tur til Engesund fiskeoppdrett og ein i kulturløypa i Fitjar sentrum.

Viktige hendingar i året som gjekk:

29. mai var vårturen var til Bømlø, det var 24 med på turen inkl. 3 medlemmar av diakoninemnda og bussjåføren.

29. sep. skulle haustturen gå til Ullensvang men det var for få påmelde så den vart avlyst.

06. juni var det tur for flykningar til Engesund fiskeoppdrett. Vi var 20 stk. inkl. diakoninemnda.

02. des. var det tur for flykningar i kulturløypa i Fitjar sentrum. Vi var 21 personar inkl. Magnar Kloster og 4 medlemmar av diakoninemnda.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Planar framover:

Diakoninemnda tenkjer å vidareføra det som allereie er i gong, men de er ikkje store planar om nye ting. Vi kan tenkja oss å gjera noko meir for å inkludera våre nye landsmenn i kyrkje og samfunn. Vi skal ha besøksfest i byrjinga av februar 2017 og planlegg å ha hyggestund på Havnahuset i februar 2017.

Andre opplysningar:

Det har ikkje vore hyggestund på Havnahuset og besøksfest i år. Kyrkjeverja tek seg av de økonomiske ansvaret for Diakoninemnda.

TENTREFF

v/ Fridleif Lydersen, kyrkjelydsprest

Fitjar Indremisjon og Fitjar sokneråd samarbeider om Tentreff, som er på Fitjar bedehus fredagskveldar kl. 21.00 – 23.00. Tentreff er eit lågterskeltilbod for ungdomar. Våren 2016 samarbeidde Tentreff med KRIK og Ungdomskoret.

På Tentreff er det andakt, kiosk med sal av mat, snop og brus. Aktivitetane har stort sett vore spel av ulike slag, styrt av ungdomane. Nokre har og sete rundt borda og prata med kvarandre eller leiarane. Leiarane har og lagt vekt på å kome i kontakt med ungdomar som ønskjer kontakt med ein vaksen.

Det er ønskeleg å organisere aktivitetane mykje meir ved f.eks. organiserte spelkonkurransar, kort og brettspel og samtalar med f.eks. utgangspunkt i bibeltekstar.

Våren 2016 var det Tentreff nesten kvar fredag. I gjennomsnitt var det ca. 15 ungdomar på samlingane. Johannes Olsen var leiar fram til sommaren.

I haust har Tentreff vore annankvar fredag (oddetalsveker) der ca. 20 har møtt, dei fleste kvar gong. Svært mange ønskjer Tentreff kvar veke, noko leiarane arbeider for å få til. Arbeidet er meningsfullt. Guds ord vert sådd. Dei unge har verka lydhøyre under andakten, og har vore greie å ha med å gjere. Dette er løfterikt.

Vi har fordelt ansvaret for å skaffe folk til dei forskjellige oppgåvene. Fridleif Lydersen har ansvar for å skaffe andaktshaldarar. Han har og vore med i det miljøskapande arbeidet saman med Sindre Aarbø og Anne Marie Røed. Sindre Aarbø har og engasjert medarbeidarar til praktiske oppgåver som t.d. å stå i kiosken. I tillegg oppdaterer han Facebooksida til Tentreff. Anne Marie Røed har og hatt ansvar for at det vert laga mat.

Informasjon om Tentreff finn ein på heimesida til Fitjar bedehus og på Facebooksida. Heimesida til Fitjar bedehus vert oppdatert jamnleg. Plakatar vert og sett opp.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Ein ser det som ønskjeleg å ha ei Tentreffnemnd med representantar frå Indremisjonen og kyrkja. Draumen er at ungdomane på sikt sjølv kan ta over ansvaret for organiseringa av aktivitetar, slik at vaksenleiarar kan konsentrere seg om oppgåva som forkynnarar, rettleiar og samtalepartnar.

BAKKEN BARNEHAGE

v/ Torunn K. Aarskog, styrar

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage. I vedtektene står det : "Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid." Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga. Desse sit i styret i 2016: Erling Prestbø (leiar), Frøydis Almås, Asbjørn Vik og Torunn Aarskog. Ein representant frå Stiftingsstyret (Frøydis Almås) og ein representant frå Fitjar sokneråd (Gunnvald Aarbø) er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.



Barnehagen har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen til borna. Kvar avdeling har 24 plassar (småbarnsavdelinga har 12 born) og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

Born pr. 15 desember 2016

57 born, 49 born har fulltids plass og 8 born har deltidsplass (60%). 19 born er under 3 år (fødd i -14 og -15) og 38 born er over 3 år (fødd i -11,-12 og -13). Fleire enn før er under 3 år. Vi har hatt fulle grupper heile året og det er mange born som står på venteliste. Vi har born med særskilde behov, og desse får spesialpedagogisk hjelp i følgje vedtak. Kommunen refunderer kostnadar med dette.

Personalressursar pr. 15. desember 2016.

Styrar: 1 årsverk, styrarassistent 0,10 årsverk; Pedagogisk leiarar/barnehagelærarar : 5 årsverk; Fagarbeidar/assistentar: 7 årsverk; Reinhald: 0,4 årsverk + timebasert vaktmeister teneste. Totalt 13,6 årsverk og 17 tilsette! I tillegg har vi i 2016 hatt 2 kvinner via NAV i arbeid/språkpraksis.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Vi starta 2016 med ei god kjensle av å vera på plass, påbygget med småbarnsavdeling og personalavdeling sto ferdig hausten 2015. Det å ha gode og eigna lokale har mykje å seia for både born og vaksne. Vi har fått mange rom å fordela oss på, og alle avdelingane er blitt meir medvitne på å dela barnegruppa i smågrupper store delar av dagen. Dette aukar vaksenkontakten og det blir ein rolegare kvardag for borna. Alle born har kontaktpedagog og primærkontakt (assistent eller fagarbeidar).

Sommarfesten i 2016 vart kombinert med jubileumsfeiring! Vi feira 10 år som heildagsbarnehage og 35 år sidan soknerådet starta korttidsbarnehage!

Skulesjef John Karsten Raunholm klypte snora for ny avdeling som vart teken i bruk hausten 2015. Det var servering av jubileumskake og program ved barnehageungane.

Sommaren 2016 hadde vi ei større utbetring på leikeplassen. Vi måtte grave opp store område og få til betre drenering. Nye røyr vart lagt og 2 nye kummer. Dette vart avslutta med ny asfaltering.

Vi ynskjer stadig å vera i endring/ forbetring. Sidan august 2016 får borna servert alle måltid i barnehagen, varm lunsj ei gong i veka. Foreldre betalar kr. 250 i kostpengar for heil plass. Det dekkar frukost (havregraut 2 gonger i veka) , lunsj, lite måltid på ettermiddagen, mjølk, frukt/grønsakar kvar dag og fruktfat eller smoothy ved gebursdagsfeiringar!

At borna får ta del i matlaging har også eit pedagogisk element, så dette har avdelingane fokus på.

Kompetanseheving

Heile personalgruppa er med i kompetansehevingsprogrammet "Være Sammen". Programmet vert implementert i barnehagen ved at personalet deltek i kurs og nettverksamlinger, materiell for tilsette, foreldre og born, kollegarettleiing og vegleiing. Vi ynskjer at alle tilsette skal ha ein varm og grensesetjande vøremåte, altså ha den autoritative vaksenstilen.

I 2016 hadde vi ein assistent som tok fagprøven i barne og ungdomsfaget og ytterlegare 2 assistentar tok fagprøven i januar/februar 2017. Dette aukar kompetansen blant personalet!

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

Kyrkjelydsbarnehage

At vi er ein kyrkjelydsbarnehage kjem til uttrykk i barnehagekvardagen. Bordvers og kristne barnesongar har sin naturlege plass. Bibelforteljing er tema i samlingsstunda ei gong i veka, formidla på forskjellig måtar ved hjelp av bøker, drama, flanellograf, forteljing, film mm. Prestane og kyrkjelydspedagog vitjar oss ei gong pr. månad og har kristen samling. Dei kristne høgtidene har stor plass hos oss. "Tenkefargen" lilla går igjen før jul (advent) og påske (faste). Då skal me førebu oss til ei høgtid! Vi har julespel på Vennskapsfesten i desember og saman med Fitjar kyrkje har vi påskevandring og pinsevandring i kyrkja. Om hausten deltek barnehagen med prosesjon og song på hausttakkefesten i kyrkja.



At mange synes at det er viktig med den kristne profilen som vår barnehage har, viser store søkjartal! Diverre får vi ikkje plass til alle som ynsker plass i vår barnehage!

Sidan 2008 har vi vore Vennskapsbarnehage med Mamma Maggie sine Stefanusbarnehagar i Egypt. Denne kontakten blir formidla gjennom Stefanusalliansen. At borna får kjennskap til andre kulturar og moglegheit for å vera med å gjera ein forskjell for desse borna er viktig for oss! I 2016 sende me kr. 31.700 til våre venner i Egypt!

Tilsyn Fitjar kommune er med i eit interkommunalt tilsynsteam. På den måten kjem det tilsynsførar frå andre kommunar og har tilsyn i barnehagane i Fitjar. Vår barnehage hadde tilsyn i februar 2016. Då hadde vi tilsyn etter 4 paragrafar i Barnehagelova. Tilsynet gav oss ingen avvik.

Økonomi.

Barnehagen driv med overskot. Overskotet vert brukt til nedbetaling av gjeld og diverse utbetringar. Pr. 30.12.2016 har barnehagen ei gjeld på 2,9 mill.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen er ei foreining som arbeider for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld , utstyr, inventar og utsmykking. Blomar og anna pynting av alteret er det og kyrkjeringen som tek seg av. Dette arbeidet er det Haldis Abotnes som har gjort på dugnad heile året.

Medlemene i Kyrkjeringa har i året hatt ei arbeidsøkt i kyrkja for å pussa alle nattverdsalkane.

På forreiningsmøta, som vert haldne rundt i heimane, vert det samla inn pengar for å fremja arbeidet. Det har vore 8 samlingar i 2016.

Kontaktperson for kyrkjeringen er Ellen Vestbøstad

FRIVILLIGNEMNDA

Frivillignemnda har som sitt oppdrag å inspirera og syta for gode arbeidsvilkår for dei som vil gjera ein frivillig innsats i kyrkjelyden, både gjennom arbeid og gåver. Arbeidet i året som gjekk har bestått i m.a. å rekruttera nye medlemmer til nemder og utval etter soknerådsvalet i 2015, samt fått tak i medlemmer til eit nytt arbeidsutval for kyrkja sitt misjonsprosjekt.

Medlemer i Frivillignemnda i 2016 har vore: Aase Rygg Nøttveit, Mette Lambach og Sonja Pedersen

KVELDSBØN/STILLE KVELD

Kveldsbøn/stille kveldar i kyrkja er eit arrangement med roleg musikk, tekstlesing, bøn og rom for ettertanke. Det har vore vanleg med arrangement om lag ein gang i månaden. Det har komme tilbakemeldingar på at arrangementet vert sett pris på.

Kontaktperson for arrangementet er Anne Marie Røed

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2016

FITJAR KYRKJELYD SITT MISJONSPROSJEKT

Fitjar kyrkjelyd har gjennom fleire år støtta Israelmisjonen sitt arbeid «Brigdebuliders» der målet er forsoning mellom unge israelarar, palestinarar og nordmenn. Me veit at kyrkjelyden si støtte til arbeidet har vore med og fremja forsoningsarbeidet i Midtausten.

Soknerådet har frå 2016 skifta misjonsprosjekt og vil framover samarbeida med NMS om eit prosjekt blant fulanifolket i ørkenlandet Mali som ligg i Vest-Afrika.

Det er etablert eit lokalt arbeidsutval som skal ha særleg merksemd på misjonsprosjektet. Helga Rimmereid leier utvalet og har med seg Gunvald Aarbø, Tordis Eide og Solfrid Sandvik som medlemmer.

Dei siste åra har det vore tradisjon at det vert teke opp kollekt til misjonsprosjektet 1. juledag, 1. påskedag og 1. pinsedag.

